



## Notat

Dato: 22.06.2016  
Arkivsak: 2014/558-204  
Saksbehandlar: ingtakl

---

**Til:** Samferdselsavdelinga

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

### **Skyss sin digitale billetteringsløsning - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er orientert om at Skyss sin digitale billetteringsløsning ikkje er tilgjengeleg for synshemma. For sterkt svaksynte og blinde er det naudsynt å bruke voice over-teknologi for å bruke smartteknologi. Skyss sin billettapp er denne gruppa sitt einaste tilbod til å på eige hand ta del i kollektivtrafikken. Ved ein endring av brukargrensesnittet på tenesta hausten 2015 er det ikkje lenger mogleg å ta appen i bruk med voice over slik det var før. Det er med andre ord ikkje føreteke eit godt nok forarbeid før tenesta vart rulla ut, med den konsekvens at ein sårbar brukargruppe er utestengt frå fylket sitt kollektivtilbod. At det etter påtrykk frå brukargruppa i etterkant framleis ikkje er gjort ein justering av teknologien for å få den tilgjengeleg er ikkje godt nok!

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne anmoder Skyss om å gjennomgå sine retningslinjer når dei går inn i ein prosess for anskaffing av betalingsløyser, også på digitale plattformer. Desse plattformar må vere tilgjengeleg for alle grupper. Kravsspesifikasjonar må og vere på plass og håndheva. Relevante brukarmiljø må spørjast for å sikre tilgjengelegheit for alle.

Det vert forvent at tenesta med kjøp av billettar over mobil i rimeleg tid igjen vert mogleg å bruke for blinde og sterkt svaksynte.